



Seljord barne- og ungdomsskule

Referat frå møte i (SU) og skulemiljøutvalet (SMU) ved Seljord barne- og ungdomsskule

Dato: Torsdag 18.04.2024

Tidspunkt:

SMU: kl. 18:00 – 19:00

SU: kl. 19:00 – 20:00

Stad: Personalrommet på barnetrinnet

Møtt: Heidi Straand (FAU), Kim Bringa (politisk representant) og Ingunn Haugland (rektor)

Det var stort fråfall til møtet, men vi valde å gjennomføre ein nedkorta versjon, sidan det berre var informasjonssaker på sakslista.

SMU

1. Saker frå elevråda

På ungdomstrinnet har dei jobba med å søke midlar til nytt møblement i gangen. Dei har søkt DNB, FAU og Sparebankstiftinga. Dei har fått utkast til korleis det kan sjå ut frå Kinnarps, som kommunen har innkjøpsavtale med. FAU har gjeve 10.000,- til prosjektet. Budsjettet er på ca. 180.000,-.

På mellomtrinnet har elevrådet arrangert ein vellykka elevkveld.

2. Saker frå FAU

Informasjon på sist FAU-møte frå kommunen om prosessen kring toaletta på ungdomstrinnet og mellomtrinnet, og inngang til kantina. Det er planlagt at arbeidet skal i gang rett etter skuleslutt, og halde på fram til ca. november. Det vil bli nokre ulemper for skulen, men arbeidet som lagar mest støy, skal gjennomførast i feriar eller etter skuletid.

Informasjon på sist FAU-møte om trafikksituasjonen, spesielt på barneskulen ved lomma, og kring arrangementer av 17. mai framover.

Har vore i kontakt med Seljord Hage kring skulehageundervisning.

SU

Aktuell informasjon frå skulen.

- Rekruttering – skulen har tilsett det dei treng av lærarar neste skuleår. Dei som er tilsett har lærarutdanning.
- Omstillingsprosjekt – kommunen er i gang med eit omstillingsprosjekt, noko som vil føre til at skulen vi få færre tilsette dei neste åra. Det er viktig for skulen at dette blir sett i samanheng med elevtalsutviklinga.

Eventuelt



Seljord barne- og ungdomsskule

- Lokalisering av PPT framover. Drøfting.
- Ynskje frå politisk hald om at SU/SMU held fram i ei eller anna form, sjølv om det ikkje lenger er eit lovkrav frå hausten av. FAU og skule opplever at det i stor grad blir same saker to gonger i den forma det er nå. Viktig å finne i hensiktsmessig samansetning av samarbeidsorganet. Rektor informerer kommunalsjef.

Helsing

Referent: Ingunn Haugland